



Foto: Tor Edward Taranger

**Statens vegvesen stillar seg svært kritisk til murprosjektet i Ospelunden og har gjeve pålegg om stans i arbeidet til vegvesenet har uttalt seg om dispensasjonssøknaden til reguleringsplanen, Dei vil ha tilsendt søknaden slik at dei kan vurdere grunnlaget for kommunen si godkjenning**

Ein mur av denne storleiken krev søknad og godkjenning etter loven og vegvesenet har ikkje motteke søknad om dispensasjon til uttale slik det vert kreve. Muren ligg nærare fylkesvegen enn den byggjegransa som er vist i gjeldande reguleringsplan. for bustadfeltet.

Ved synfaring stiller vegvesenet seg også skeptisk til stabiliteten til muren og at den er utført i henhold til krava om konstruksjonssikkerheit. Vegvesenet viser til nedfall av stein på gang- og sykkelvegen ved byggjing av vegen utan tilstrekkeleg sikring.

Av Ola Matti Mathisen